

KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for kyrkjelydane i Vinje

Nr. 83 Advent og jol 2022



*Eit lite barn er født på jord.
Ei utvald móy det har til mor.
Her ligg han no så fin så kjær,
som dykkar fryd og frelse er.*

Norsk salmebok-2013 - nr 32. Tekst av Martin Luther

Fager er jordi?

Jolehelsing frå biskopen i Agder og Telemark, Stein Reinertsen

Rammene rundt årets julefeiring er annleis enn på svært mange år. Krigen i Ukraina trugar freden i heile vår region. Vi opplever aukande fattigdom og stadig fleire som slit økonomisk med å få endane til å møtast. Klimakrisa set òg sine spor. Kan vi også i år, med dette bakteppet, syngje «Fager er jordi»?

Det verker vanskelegare om vi ser rundt kvarandre. Alt er ikkje så «fagert» som det var. Denne salmen blei skriven berre nokre få veker etter at eit stort slag hadde funne stad i Danmark i 1850. Sytti tusen soldatar deltok, og mange døydde. Salmen kom først ut med tittelen «Pilegrimssong». Den er ein trassig protest, meir enn ei forteljing av verkelegheita vi lever i.

Det siste verset sluttar med «*Fred yver jordi, menneske, gled deg, Oss er ein evig Frelsar fødd*».

Vi feirar jul fordi vi trur at det skjedde noko som fekk konsekvensar for vår urolege verd då Jesus vart fødd. Gud kom til jorda, og det endra vår situasjon.

I år er det åtti år sidan slaget om Stalingrad, eit av dei største og mest avgjerande slaga under 2. verdskriga. Kurt Reuber var lege og tenestegjorde i den 16. panserdivisjonen på tysk side. Han var òg ein gåverik amatør-kunstnar. Like før jul i 1942 omgjorde han bunkerens sin på steppene nordvest for Stalingrad til eit atelier, og byrja å teikne på baksida av eit erobra russisk kart – det einaste papirstykket han fann. Då teik-ninga var ferdig, hengde Reuber den opp i bunkerens. Biletet syntet ei mor (madonna) som heldt sitt nyfødde barn tett inntil brystet sitt. Biletet blei eit altar for soldatane. Dei strøym-de til, og fekk ei jul dei truleg aldri gløymde. På biletet stod det òg tre ord som sa kva jula inneheld: Licht (Lys), Leben (Liv), Liebe (Kjærleik). Tre ord som skildrar han vi feirar i jula. Jesus er verdas lys. Eit annleis lys som gjer at vi ikkje treng å vandre i stummande mørke, sjølv om jorda ikkje er så fager som den var, fordi Jesus har lova å gå med oss. Om

det lyset står det også: «*Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.*» (Joh. 1,5). Jula handlar òg om Guds store kjærleik. Jesus er kjærleik. Vist for alle når han gir sitt liv for sine vene. Kjærleik er verdas sterkeste kraft. Vi seier når vi feirar nattverd: «*Deg være ære, for kjærleiken som er sterkeare enn døden.*»

«*Eg er Livet*», seier Jesus. Aller tydelegast bevist når han står opp frå dei døde. Livet sigrar til slutt. Det er ikkje dødskreftene som får det siste ordet likevel. Ved Jesu oppstandelse har vi fått eit levande håp. På grunn av noko som skjedde i vår historie for litt over to tusen år sidan, kan vi på tross av det vi opplever rundt oss av krevjande kriser likevel synge:

*Fred yver jordi,
menneske, gled deg,
Oss er ein evig Frelsar fødd*

Ei velsigna jull!



Stein Reinertsen,
Biskop i Agder
og Telemark på
Arendalsveka
2022

Brua over dåpsbekken

Eller bruua til besvær...?

Det gjeld gangbrua som skal gjere tilgangen til Vinje kyrkje god for alle. Ho nærmar seg sluttføring. Heilt sidan tidleg på 80-talet har ein forsøkt å få til ein tilkomst til kyrkja som stettar krava om lett inngang og utgang for alle, og verdig utferd for dei som blir borne til grava.

Sjølv om ho ikkje er klassifisert som verneverdig, er Vinje kyrkje underlagt krav som yngre kyrkjer slepp unna. Det er ikkje nok med vedtak i lokale kyrkjelege styringsorgan, sokneråd og kyrkjeleg fellesråd, og kommunale løyvingar. Både Biskop og Riksantikvar skal ha ord med i laget. Som naturleg er. Dermed tek det tid. Men treng det ta slik uhorveleg med tid?

I løpet av dei om lag 40 åra har det blitt gjort framlegg til, og teikna ut utallige løysingar, vore utallige synfaringar og skrivne nye rapportar med endringsframlegg, som igjen har gitt nye rundar til dei same instansane. Dette meiner eg er sløsing med tid og ressursar!

Eg synest det skal vere fleire kompetente instansar inne når ein rører ved slike flotte bygg, men mykje av det som er kome fram i prosessen har vore pirk og synsing. Og alt for mange personar har fått lov til å meine.

Spørsmålet no er om det som legg seg over dåpsbekken ved Vinje kyrkje, er det beste ein kunne kome opp med? Mange spør seg om akkurat det når dei kikkar opp mot kyrkja frå E134, eller er ein tur oppom for å sjå. Eg trur dei fleste synest berebjelkane, i godt dimensjonert svart limtre, ser noko massive ut, og står i fare for å ta luven av den elles harmoniske kyrkja. Nokre seier beint fram at det er stygt, og eit overgrep mot den vakre kyrkja. Dette er sterke ord, som syner at kyrkja, der ho står raud og fin, i alle fall ikkje er likegyldig for folk.

Men vi får kanskje vente med dommen til bruua er ferdig, slik arkitekten har tenkt og teikna, og sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, Biskop og Riksantikvar har godkjent.

Det kan bli godt - ja til og med særskilt godt!

Tekst: Oscar Johan Garnes

Dette er ein kommentar og uttrykk for skrivaren si mening



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Vinje og Rauland

www.vinje.kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Kjell Magne Grave, kyrkjeverje

Tlf. 35 06 25 87 – mob. 481 20 117

E-post: kyrkjeverja@vinje.kommune.no

Sekretær Reidun Nystog

Tlf. 35 06 25 85 – mob. 992 15 269

E-post: kyrkjecontoret@vinje.kommune.no

PRESTANE

Sokneprest i Vinje Tor Eivind Erikstein

Tlf. 952 37 673

E-post: tor.eivind.erikstein@vinje.kommune.no

Kapellan Tokke og Vinje Anne Marie Tempelen

Tlf. 940 37 338

E-post: anne.marie.tempelen@tokke.kommune.no

ORGANISTANE

Robertas Lamsodis, mob. 970 97 475

Vaida Lamsodiene, mob. 414 58 747

KYRKJETENARANE

Vinje og Nesland: Knut Rune Tveiten

Tlf. 952 02 298

Grungedal: Tone Edland

Tlf. 959 30 407

Rauland og Øyfjell: Olav Jore

Tlf. 909 41 722

Møsstrond: Hilde Hovden

Tlf. 915 92 913

PROSTIDIAKON

Eilev Erikstein

Tlf. 911 13 580

E-post: eilever@online.no

Nettstad: www.prostidiakon.no

Eilevs podcast "Diakonalgang"

11 episodar er no tilgjengeleg.

Bruk "diakonalgang" som søkeord, t.d. i Spotify

Arbeidet med bladet vart avslutta 21.11.2022.

Redaksjonen av denne utgåva er Åsta Østmoe Kostveit, Hanna Jordstøyl,

Grethe Sørbø Solstad, Tor Eivind Erikstein og Oscar Johan Garnes.

"Kyrkjelyden" sitt bankkontonummer er: 0540 16 91040

150 år sidan Myllarguten døde

Torgeir «Tarjei» Augundson, «Myllarguten», døydde på Rauland 21. november 1872 og er gravlagt på kyrkjegården ved Rauland kyrkje saman med kona si Ingebjørg, husmannsdotter frå Edland. Dødsdagen vart markert med folkemusikkmesse i Rauland kyrkje sundag 20. november.



Tegning/litografi av F. H. Stockfleth, utgitt av Buchers Steent, bevart hos Nasjonalbiblioteket.

Myllarguten var fødd i Sauherad 1. november 1801, og heilt frå tidleg ungdom var han ein framifrå spelemann og av den grunn var han også etterspurt. Han spela i gjestebod og bryllaup over store delar av Telemark. Etterkvart vart speleferdene hans lengre, og han vitja både Setesdal og mange bygder vestpå. Gjetordet om Myllarguten nådde og dei som budde i byane. Sommaren 1831 trefte Myllarguten violinisten Ole Bull i Bergen. Bull vart nok imponert over hardingfelespelet, for han bad Myllarguten bli med heim til seg og spele meir. Der var det også andre musikarar, og dei spela for kvarandre. Myllarguten fekk høre musikk av Mozart, medan Ole Bull og dei andre musikarane fekk høre slåttar i tradisjon. Ole Bull og Myllarguten vart venner for livet – trass i svært ulik bakgrunn. Etter møtet i 1831 reiste Ole Bull utanlands att, og dei to møttest att først i 1848. Då la Bull opp til ein stor konsert med «nasjonal musikk» på Gamle Logen i Christiania. Her vart då Myllarguten beden om å delta med slåttespeling.

På sine gamle dagar
flutte familien til
Arabygdi. Rikard
Berge skriv om
gravferda: "Fatig
livde han og fatigsleg
døydde han; fatigt og
faament var fylge
som førde Noregs
beste spelemann til
jordi".



Minnesteinen på Rauland Kyrkjegard. Foto wikipedia.org

Messa no i november inneholdt og dåp og presentasjon av konfirmantane, som denne vinteren skal bu seg til konfirmasjonen neste haust.

Etter messa var det kyrkjekaffi, og Annfrid Berget Haukeland kåserte om Myllarguten og presenterte boka ho nyss har skrive om spelemannen.



Falkeriset spelemannslag og Lars Erik Øygarden, sytte for ei verdig og markering av ein spelemann som var kjend i store delar av Noreg. Lars Erik spela og aleine på ei hardingfele som Myllarguten har ått og spela på den gong han levde.

Tekst og foto i kyrkja: Grethe Sørbø Solstad

Møsstrond kyrkje fyller 100 år.

*Den gamle kyrkja
på Møsstrond,
brann ned i 1919,
og dermed stod
bygda rundt
Møsvatn utan
kyrkjehus. Etter litt
«om-og-men» blei
det vedteke å bygge
ei ny kyrkje, og ho
stod ferdig i
september 1923.
I september 2023 er
det dermed 100 år
siden – og det må
sjølvsgåt feirast!*



Den nye kyrkja blei teikna og bygd av Olav Bitustøyl og dekorert av Sveinung Svalastoga, og ho har blitt eit særmerkt gudshus.

Dette «om-og-men» blir utgreia nærmare i eit historieskrift om kyrkja og kyrkja i bygda som Pål Georg Thorrud frå Rjukan jobbar med. Historieskriftet vil me få trykt opp og gje ut i samband med jubileet.

Det er etablert ei arbeidsgruppe som skal førebu det me vil skal bli eit jubileum Møsstrondkyrkja verdig. Feiringa skal gå av stabelen 23. og 24. september, 2023.

Kongehuset er invitert til jubileet. Me har fått positive, men ikkje endelige svar om dei vil delta. Dette er blant dei tinga me i arbeidsgruppa arbeider med å få avklart. Elles er sjølvsgåt biskopen og øvrige geistlege med tilknyting til «vårt» sokn inviterte. Dei har stadfest at dei stiller.

Feiringa vil gå over to dagar, som sagt. Laurdag 23. september vil programmet vere satt saman av kulturinnslag med lokale og regionale kunstnarar. Innleatingsvis vil det bli eit foredrag med utgangspunkt i historieskriftet og då med tema kyrkja si rolle

og kyrkja si stode i bygda i dei 100 åra som er gått sidan ho blei bygd.

Denne dagen blir avslutta med båttur med Fjeldvåken til Dammen og festmiddag på Skinnarbu hotell.

På sundagen (24. september) blir det båttur med Fjeldvåken ut til Hovden og kyrkja att. Då blir det festgudsteneste der me feirar at den vakre kyrkja vår har vore eit trygt og tydeleg symbol på at Gud er til stades – også på ei øy langt inne i Møsvatn.

Etter messa blir kyrkjelyden i fylgje gamal tradisjon beden på messesuppe i grendehuset/den gamle skulen. Deretter blir det båttur til Dammen att med Fjeldvåken for dei som ikkje sjølve har båt eller ordna seg annan skyss.

Kven kan delta på feiringa? Kyrkja husar 100 plassar. Me skal ha plass til nemnde gjester, kunstnarar, sponsorar, arrangørar og sokneborn som soknar naturleg til Møsstrond kyrkje. Det burde bli «stinn brakke», men me vonar at det blir plass til alle som vil delta!

Tekst: Torgeir Naustvik-Jortveit
Foto: Torhild Naustvik-Jortveit

Alle helgens dag - Helgemess - Halloween

Vi har nettopp feira to tradisjonar, som først kan sjå ulike ut, Alle helgens dag og Halloween, men dei heng saman, og har same opphav. Lenge før me i Noreg var kristna, feira den kristne kyrkja ein minnedag for alle helgenar. Seinare blei det for alle døde. Omkring år 800 blei han tidfest til 1. november.

Alle helgens dag heiter på engelsk All hallows day. Som med dei fleste festdagar, tek feiringa til kvelden føre, som t.d. julekvelden før Juledagen. Halloween er avleidd frå "All hallows eve", Alle helgenars kveld. Og kvelden blei då 31. oktober.

'Tider og skikkar endrar seg.

Då kristendomen kom til Irland og Skottland, møtte dei der ein gammal keltisk tradisjon, ein festdag, «*samhain*», som var ei feiring av innhausting og nyår. Då var grensa mellom dei dødes og levandes verd uklår, og dei døde kunne koma attende. Dei var både velkomne og frykta. Då var det nærliggande å blande element frå «*samhain*» inn i Alle helgens dag, det var same tidspunkt og både handlar om døden.

Den kristne kyrkja tok ofte opp i seg element frå førkristen tradisjon, for lettare å bli godtekne.

Irske emigrantar tok så med seg sin tradisjon til Amerika, der han utvikla seg, med god støtte frå kommersielle krefter, til den Halloween me kjenner i dag med krav om godsaker, «*knask eller knep*», utkledning, spøkjelse og grøss og gru. Me kan sjå på det som ein måte å konfrontere døden og bearbeide angst gjennom frydefull spenning. Først etter 2000 kom skikken med Halloween tilbake til Europa, og spreidde seg raskt, også hit til Noreg.



Helgemessekveld på Rauland kyrkjegard med lys på graver og på himmel.

Foto: Anne Marie Vasshus

Alle helgens dag vart i 1770 flytt til første søndag i november i kyrkjeåret, og dermed lausribe i tid frå Halloween. Slik er det kanskje enklare å finne andre måtar å laga til fest på, som t.d. «*Hello ven*», som er både inkluderande, raust og morosamt, men og litt skremmande.

Det har dei gjort på Edland. Nokre foreldre har samla ungar i alle aldrar på Fjellvang, (*som nyleg fylte 100 år. Gratulerer!*), og som likar å kle seg ut, og sjølvsgårt skremme og bli skremde. Pølser, brus og all slags klissete godteri, inngår i menyen. Målet er å lage ei Halloween-feiring som er god for alle, også dei som synest det er godt å bli skremde.

Åsta Østmoe Kostveit

Ein dag til å minnast

I Rauland og Vinje kyrkjer var det gudstenester på Alle helgens dagen, på formiddagen kl 11 i Vinje og på kvelden i Rauland.

Dette er dagen då ein minnest og nemner namn på dei som døde det siste året, og terner ljos for dei. Pårørande frå Vinje, Nesland og Grunge var særleg invitert til gudstenesta i Vinje, medan messa i Rauland var på kvelden for Møsstrond, Rauland og Øyfjell.



Heidi Loddengaard Lofthus tener ljos medan sokneprest Tor Eivind Erikstein les namna på dei døde siste året.

Mange møter fram i dei to kyrkjene til ei stille gudsteneste med song og musikk og ljostenning.

Rundtur for å bli kjende med Jarand Rønjom sine bygg



*Arne Vinje på trappa fortel om Jarand Rønjom og Vinje kyrkje til dei som var med på rundturen Seljord sokneråd arrangerte.
Foto: Hanna Jordstøy*

Ein laurdag i september hadde Seljord sokneråd invitert til tur til Rønjom-kyrkjene i Åmotsdal, Rauland og Vinje. Jarand Rønjom budde og hadde sitt virke med utgangspunkt i garden Kultan i Åmotsdal. Det vart slik sett punktum for markeringa av 200-minnet for det året han døydde. Turen vart avslutta med omvising og mat på Vest-Telemark museum. I Rauland kyrkje var det omvising, og Lars Erik Øygarden spelte fele. Ved Vinje kyrkje var det Arne Vinje, nabo til Vinje kyrkje, og forfattar av boka til jubileet i 1996, som fortalte om kyrkja. I tillegg til dei som var med på rundturen, møtte det og fram folk ved både Rauland og Vinje kyrkjer.

Vårens diakonisamling for heile prostiet i Tokke Kulturhus 16. april

**Diakoniprisen for 30. gang. Alle kan sende framlegg til kandidatar.
Send til Eilev Erikstein – sjå kontaktinfo på side 3**



Ikonar (av gresk: eikon «bilete») finn ein i alle ortodokse kyrkjebygg, og i mest alle heimar. Motivet er ofte Maria med Jeusbarnet på fanget, men kan og vere portrett av berre Jesus, helgenar, apostlane, og ulike bibelske hendingar. I den ortodokse kyrkja spelar ikonet ei viktig rolle i forkynninga av Guds ord i form, farge og det vakre.

Ikonar er sett på som «levande», det vil sei med evne til å påverke og fungere som vegvisarar, og tale til dei truande.

Ikona er lysande bilete, ofte med gull, fordi dei reflekterer den himmelske røynda. Dei gir glimt inn i den guddommelege verda, og har difor sentralplass i livet til ortodokse kristne.

Her to ikon frå ulike tradisjonar. Den til venstre frå Russland, den under frå Etiopia.



Dei ortodokse kyrkjene

Åtaket på Ukraina, og krigar i Midt Austen og på Afrikas horn, har ført til flyktingar frå desse områda, også i vår kommune. Vi har dermed fått kristne mellom oss med ulik bakgrunn og andre skikkar, enn oss.

Samlenemninga er "ortodokse kristne", tilhøyrande eit mylder av sjølvstendige kyrkjesamfunn med til saman over 300 millionar medlemmer, frå Kvitsjøen i nord til Raudehavet i sør, men og austover til India og det såkalla «fjerne austen». Ulik Den katolske kyrkja, som dei på 400- og 1000-talet skilde seg frå, har dei ortodokse kyrkjene ikkje ein global organisasjon med *eitt* sentrum og *eitt* overhovud. Dei er organisert i sjølvstendige kyrkjer med eigne leiarar - patriarkar, metropolittar eller erkebiskopar, med utgangspunkt i ulike geografiske områder. Det var mellom anna usemja om den katolske pavens posisjon, som førde til det store skismaet i 1054, men og usemje om statusen til Jesus og Maria.

Austleg og orientalsk

Det er vanleg å dele dei ortodokse kyrkjene inn i to hovudgrupper; *dei orientalsk-ortodokse kyrkjene*, som er mest å finne i Midtausten, Armenia, Afrikas horn og i India. *Dei austleg-ortodokse-kyrkjene*, finn ein mest av i Aust-Europa og på Balkan, men og som den eine av to statskyrkjer i Finland.

I Egypt finn ein Den koptisk-ortodokse kyrkja, den eldste kyrkja i verda, med røter tilbake til det første hundreåret etter Kristus. Dei etiopisk-ortodokse og eritreisk-ortodokse kyrkjene, har båe sitt opphav i Den koptisk-ortodoks kyrkja med felles leiar, patriarken i Alexandria. Dei fekk sine eigne patriarkar så seint som i 1959 og 1998.

Den ukrainsk-ortodokse er ei nasjonal ortodoks kyrkje etablert då Ukraina vart eigen stat i 1991. Før det var det den russisk-ortodokse kyrkja som rådde i Ukraina, som elles i Sovjet. Patriarken i Moskva, har ikkje akseptert det ukrainske ønsket om ei eiga

nasjonal kyrkje. Derfor er det både russisk-ortodoks og ukrainsk-ortodokse kyrkjelydar i Ukraina. Det russiske åtaket på Ukraina i februar i år, har gitt fart på arbeidet med ei eiga ortodoks kyrkje med eigen patriark i Kyiv, ikkje minst etter den russiske patriarken Kirill sine uttalte støtteklæringer til Putin, og åtaka på Ukraina.

Sakrament, ikonar og røykjelse

Dei ortodokse kyrkjene har sju *sakramenter*: dåp, salving med myrra, nattverd, skriftemål, prestevigsle, ektevigsling og salving av sjuke. Dåp og nattverd er særleg viktige. Dei praktiserer barnedåp med heil neddykking – symbol på død og oppstode.

Og så *røykjelsen*! Ortodoks liturgi er utenkeleg utan ein prest som svingar røykjelseskaret, og slik spreier duftande røyk på folk og ikonar, og spreier slik Guds nærvær i alt og alle.

Faste i 40 dagar

For mange ortodokse kristne er juledagen 7. januar, men for mange er den 25. desember juledagen. Uansett dato så er juledagen avslutninga på fasta. Då startar festen, rett etter midnattsmessa, eller messa tidleg om morgonen. Julefasta startar 40 dagar før jul. Å faste er å holde seg borte frå visse typar mat, som kjøt, fisk og meieriprodukt. Fasteperioden før jul er broten opp av fleire høgtidsdagar. Særleg feiringa av Guds Mor Marias tempelet 21. november er viktig, men også apostelen Andreas 30. november, heilage Nikolai 6. desember. 13. desember til minne om martyr Lucia, vert og markert.

Tekst: Oscar Johan Garnes
Kjelde: Store norske leksikon, og dagen.no, intervju med prest i den ortodokse kyrkja, Fader Theodor Svane,

Ny sokneprest til delar av Tokke og Vinje

I løpet av kort tid vil ein truleg få ny sokneprest med nytt arbeidsområde, som strekk seg frå Møsstrond til Bandaks strender, via Rauland, Øyfjell og Høydalsmo. Prost Asgeir Sele gjer her greie for denne nyetableringa, som gir tre sokneprestar i dei to kommunene Vinje og Tokke.

Etter at bispedømmet for nokre år sidan kutta eit halvt prestearårsverk og eit halvt prestearårsverk i Vest-Telemark, har det vore forsøkt ulike variantar organisering av prestetenesta i Tokke og Vinje.

Då kapellanstillinga nyleg vart ledig etter at Anne Marie Tempelen vart sokneprest på Notodden, vart det på nytt teke initiativ til å vurdere korleis denne stillinga skulle lysast ut. Hovudgrunnen til å vurdera endring denne gongen var den vanskelege ekrutteringssituasjonen. For tida er det over 100 ledige prestestillingar i landet, og alt for få

søkjrarar. Særleg ser dette ut til å gå ut over søkeråringa til kapellanstillingar.

Stillingane som kapellan i til dømes i Gulset i Skien og Bø i Midt-Telemark har både vore lyste ut fleire gonger utan å få ein einaste kvalifisert søker. For å auka sjansen for å få søker, vart det difor sett i gang eit arbeid med å vurdera om prestetenesta i Tokke og Vinje skulle organiserast på nytt med tre sokneprestar som deler området mellom seg.

Prosten deltok på møte med alle søkeråda og desse vedtok i ettertid sine utalar i saka.

Soknepresten i Tokke og soknepresten i Vinje vart også høyrte i saka. Med grunngjeving i den vanskelege ekrutteringssituasjonen, gjekk alle instansane for å lysa stillinga ut som sokneprest i Rauland sokn, Øyfjell sokn og Høydalsmo og Lårdal sokn. Stillinga vart så lyst ut og det meldte seg ein søker. Tilsetting vil skje i desembermøtet til bispedømmerådet, og etter tilsetting har søkeren 8 dagar på seg til å ta imot stillinga.



Lårdølane får same sokneprest som møsstrengane. Her Møsstrond og Lårdal kyrkjer.

Foto: Torhild Naustvik-Jortveit (Møsstrond) og
Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen (Lårdal)

Tor-Eivind Erikstein held fram som sokneprest for Grunge sokn og Vinje og Nesland sokn og Hallvard Nordbø Jørgensen held fram som sokneprest for Eidsborg, Mo og Skafsdø sokn. Fram til nyttår vil den ledige prestestillinga verta dekt opp ved hjelp av dei faste sokneprestane og vikarar til einskildtenester. Frå nyttår av vil det bli sett inn fast vikar fram til den nye presten er på plass ein gong i løpet av våren.

Verdiseminaret 2022: Håp i vår tid

Mange opplever tida vi lever i som ei håplaus tid, og derfor ynskjer vi med seminaret å peike på håpet, seier prostidiakon Eilev, som sida 2004 har stått i bresjen for dei årlege verdiseminara.


Når kyrkja tek for seg håp, så er det kanskje håpet om ein betre stad etter døden, ein himmel, som stod i sentrum, men årets seminar dreidde seg mest om det håpet vi kan skape i andres liv gjennom våre handlingar.

Som stand in for ordføraren i Vinje, opna Oscar Johan Garnes, leiar for diaconatet, seminaret med å peike på nettopp dette. Han brukte Paulus sine ord til kyrkjelyden i Korint, tru, von og kjærleik. Og konkluderte med at det er det gode vi gjer, mot kvarandre, den andre, som gir håp og kraft. Det er kjærleiken som aldri dør!

Kultursjefen i Vinje, Kristian Rantala, som var første mann ut, teikna håpet som noko som instinktivt ligg nedfelt i oss. Sjølv om håp krev kompleks tankeverksem og medvit, nærmar håpet seg det instinktive knytt til fasar og fasettar av liva våre. Han førte oss så inn i mange av dei store krisene i dag. Miljøkrisa med avskoging, flaum, turke, og sjølvsagt alle krigane som herjar. Han syntet m.a. ein video frå den heilt ferske frigjeringa av Kherson.

Siv E. Bonde frå Kirkens Nødhjelps (KN), gav oss ei fin innføring i deira håpsarbeid. Dei møter nært og konkret dei utfordringane Kristian Rantala hadde trekt fram tidlegare, og kva løysingar, og dermed håp, Kirkens Nødhjelp kan gi med dei pengane, mellom anna konfirmantane i Vinje er med på å samle inn under Fasteaksjonen kvart år.

Rantalas videoklipp frå Kherson blei svært nært då vi fekk møte Bohdan, ukrainsk flyktning i Vinje, frå nettopp Kherson. Bohdan fortalte om kvifor han og kona flykta, han fortalte om foreldra sine, som framleis er i Kherson, som han ikkje får kontakt med pga. manglande straum og nett, han fortalte om håpet som ligg i den russiske tilbaketrekkinga, men og uvissa han må leve når byen er stengd, og straum og nett er borte. Som ein del av programmet skulle seminar-deltakarane teikne sine håpsbilete. Bohdan hadde budd seg, og hadde med seg ei teikning



der det stod «Kherson=Ukraina». Det er hans håp, at det som no skjer i hans by, er teikn på at Ukraina ein gong blir heilt og fritt.

Seinare i programmet møtte vi Torleiv som fortalte om då han kom tilbake til Vinje frå si «reise» med psykiske problem. Håpet hans, om at flyttinga tilbake var rett, vart stadfest av eit «hei» og eit smil i symjehallen. Eit teikn om at han var ynskt og at ho var glad for å sjå han. Mange slike «hei» og møte, har skapt tryggleik. Torleiv fortalte og om kor mykje pilegrimsvandringane har betydd for han.

Sokneprest Møyfrid Lunde fortalte om dei utfordringar ho som prest stod overfor som forkynnar av håp t.d.. overfor konfirmantar og yngre, der omgrepene som Bibelen nyttar, ikkje alltid er kjende.

Denne bolken blei følgjt opp av Hassan som leste håpstekstar frå Koranen, og Harald, sentral pinsevenn frå Øyfjell, bar fram Bibelens tekster om håp, som for han først og fremst er håpet om ein Himmel, men likevel eit håp som gir kraft til å leve i dag.

Tekst og fort: Oscar Johan Garnes

Smått og stort frå kyrkjelydane



Påminning og takk

I oktober feira vi hausttakkefest i fleire av kyrkjene våre. I Vinje, Rauland og Øyfjell. Her var og fireåringane og seksåringane invitera til å få «Mi kyrkjebok». Og mange kom. Dei deltok i prosesjon med frukt og grønt som dei hadde med heimanfrå. I tillegg hadde grendelag, sokneråd og friviljuge pynta kyrkjene av mykje av det gode som veks og som blir til mat for oss. Ei viktig markering der vi kan takke for det som veks og minne kvarandre på at vi treng å ta godt vare på den jorda vi lever på.

Konfirmantane

Og no står nye ting for tur. Aller først, og når dette bladet blir tatt opp av postkassene, har det allereie skjedd. Dei nye konfirmantane har blitt presentert i dei kyrkjene kor dei skal konfirmerast til hausten. I år har vi til saman 29 konfirmantar i kyrkjelydane våre. 10 i Rauland, 7 i Grunge, 7 i Vinje, 5 i Øyfjell og ei på Mösstrond.

Det er enno tid å melde seg til konfirmasjon. Tak kontakt med soknepresten eller Kyrkjekontoret.

Siste helga i oktober var det samling i Seljord for dei 9. klassingar som hadde lyst. Denne samlinga kallar vi «KICK OFF» og den gjekk føre seg i Dyrskuhallen. Godt over 300 ungdommar frå heile Øvre Telemark var med denne kvelden.

Så går det slag i slag framover. Med konfirmantsamlingar, fasteaksjon og ikkje minst leir til sumaren. Vi gledar oss og bed alle om å ta vel imot konfirmantane våre.



Stemningsbilete frå Seljord då det var avspark der for prostiets konfirmantprosjektet 22/23, «Ønska og elsa». Dataane for presentasjon av konfirmantane er kunngjort på nettsida vinje.kyrkja.no.

Tekst og foto: Tor Eivind Erikstein

Filmkveldar på Edland

«Kyrkjelydens» utsende var, i slutten av oktober, på filmkveld på gamleskulen i Edland. Det er trusopplæringsutvalet i Grunge som står bak filmkveldar for ungdom og vaksne. Då vi var der, var det mest godt vaksne som sklei inn på kinostolane i halvmørket, etter at dei hadde kaupt seg ein pose popcorn (!). Filmen denne kvelden var ein amerikansk kristen dramafilm frå 2017, basert på ei sann historie om ein pastor og kona, og ein litt tverr son, som rett nok kjem seg etter kvart. Saman prøver dei å redde kyrkja si, som kyrkleiinga



Siluettar på filmkveld i Edland. På lerretet mor og son i kyrkjebenkane, som ellers er tome.

har vedteke å selje pga. lita oppslutning. Filmen heiter «All Saints».

Eg må vedgå at eg ikkje er storbegeistra for kristne amerikanske filmar med happy ending, men denne står seg greitt. I filmen, og i historia den bygger på,

greier pastorfamilien, i kamp mot ei strid kyrkleiing, å redde kyrkja. Ei gruppe flyktningar frå Myanmar, som først er eit problem, blir til slutt løysinga, og gir kyrkja nytt liv og nye perspektiv. Til ettertanke.

Tekst og foto: Oscar Johan Garnes

Sundagsskulane er i gang i Rauland og Øyfjell



Pandemien sette mykje på stopp, og det har teke tid å stable seg på beina att. Men i haust kom sundagsskulane i gang att.

I **Øyfjell** er sundagsskulen eit tverrkirkjeleg samarbeid mellom soknet og pinseforsamlinga. Sundagsskulen er for dei frå 3 år og oppover, og vekslar mellom å vere i kyrkja og på bedehuset.

I **Rauland** held sundagsskulen til på Heimdal. Den siste samlinga i år er 18. desember. Etter nyttår held ein fram på Heimdal så lenge Heimdal er som no.

Informasjon om program etter nyttår vert lagt ut på kyrkja sin nettstad, for både sundagsskulane.

Biletet er frå Øyfjell kyrkje under Hausttakkefesten. Anne Ringhus er på vitjing med flanellografen sin.

Om arbeidet framover i Rauland og Møsstrond sokn

I starten av arbeidet med dette bladet, spurde vi soknerådsleiarane om kva som står på agendaen for sokneråda framover. Wenja Rui, leiar for soknerådet for Rauland og Møsstrond sende oss ei melding, der ho m.a. trekk fram det som skal skje i Rauland kyrkje før jul.

Ho nemner helgemessa, som er omtalt annan stad i bladet. Sokneråda inviterte særleg dei som hadde mist noko sist år. Messa i Rauland kyrkje til minne om Myllarguten, var og ei viktig hending for Rauland og Møsstrond sokn. Jula nærmar seg og 11. desember er det messe kl 19.00 der Rauland Musikkorps skal sette oss i julestemning. Elles minner Wenja Rui om at det blir to gudstenester julekvelden i Rauland kyrkje, og gudsteneste første juledag. Nyttårskvelden er det den tradisjonell midnattsmessa.

Som ein ser er det ei travel tid i kyrkja, med mye hyggeleg program.

- Vi håper på stor deltagelse i førejulstiden, skriv Wenja.

Vidare skriv ho:

«Anne Marie Tempelen har vært tilknyttet Møsstrond og Rauland som kapellan i litt over et år. Vi takker henne for innsatsen. Nå er vi spente på nyansettelse. Den nye presten vil få et stort distrikt somrekker fra Lårdal, Høydalsmo, Øyfjell, Rauland og Møsstrond.

Det skal være kirkevalg i 2023

Det skal da velges nytt sokneråd. Sittende sokneråd er valgnemnd, og vårt arbeid skal være klart innen utgangen av mars. Arbeidsoppgavene er varierende og interessante. Vi «ønsker oss» unge mennesker som kan engasjere seg i arbeidet for Møsstrond og Rauland. Oppgavene i kirken berør oss alle på en eller annen måte. Det er derfor viktig at nye krefter tar tak.

På Møsstrond er aktiviteten litt væravhengig. Det er planlagt Gudstjeneste på nyåret, og i år vil det også bli liv i juletrefesten igjen.

Kirkejubileet som skal holdes i september 2023 er overlatt til en egen komite. Dette arbeidet blir omtalt i eget innlegg.

Så vil jeg ønske alle God Jul med stor deltagelse i kirkelige arrangement i Rauland og Møsstrond.

Wenja Rui»

Ætt skal fylgja ættarrad...



Døypte i Vinje og Rauland sidan siste kyrkjelydsblad

Vinje kyrkje:

Wilma Bratland-Skulestøy

Rauland kyrkje:

Heine Larsen Nyberg



Ektevigde i kyrkjene i haust

Rauland kyrkje:

Jorunn Helene Kollberg og Roy Nordberg



Ingen gravlagde i Vinje og Rauland sidan siste kyrkjelydsblad

Fager er jordi

Fager er jordi, herleg er Guds himmel,

Glade gjeng sjelene pilgrimsgong.

Gjenom dei fagre rike paa jordi

Gjeng me til paradis med song.

Tider skal koma, tider burt skal kverva,

Ætt skal fylgja ættarrad.

Aldri skal tagna tonen fraa himlen,

Sjeli sitt glade pilgrimskvad.

Englane song det fyrt for

hyrdingflokkene,

Vent det tona for sjeli mødd:

Fred yver jordi, menneske, gled deg,

Oss er ein evig Frelsar fødd!

Dette er nynorsk omsetjing av "Deilig er jorden" etter B.S.Ingeman, omsett til nynorsk av Gunnar Torgeirsson Rystad. Salmen står på bokmål, nord- og sør-samisk og kvensk i NoS 2013 - nr 48, men ikkje nynorsk.

GUDSTENESTER I KYRKJENE I VINJE KOMMUNE

DESEMBER 2022, JANUAR, FEBRUAR OG MARS I 2023

Desember

24.12.2022	14:00	Rauland kyrkje
24.12.2022	16:00	Rauland kyrkje
24.12.2022	16:00	Vinje kyrkje
25.12.2022	11:00	Rauland kyrkje
25.12.2022	11:00	Vinje kyrkje
26.12.2022	11:00	Øyfjell kyrkje - <i>Fjellrøyst deltek</i>
26.12.2022	11:00	Grunge kyrkje
31.12.2022	23:15	Rauland kyrkje

Januar

07.01.2023	17:00	Møsstrond kyrkje - <i>Utdeling av 4- og 6-årsbok og presentasjon av konfirmant</i>
08.01.2023	11:00	Grunge kyrkje
15.01.2023	11:00	Vinje kyrkje
22.01.2023	11:00	Rauland kyrkje
29.01.2023	11:00	Øyfjell kyrkje

Februar

05.02.2023	11:00	Grunge kyrkje
12.02.2023	11:00	Rauland kyrkje
12.02.2023	11:00	Vinje kyrkje
19.02.2023	14:00	Hotelltomta Åmot
22.02.2023	19:00	Rauland kyrkje <i>Heidi Lofthus syng songar av Anne Grethe Preus</i>
26.02.2023	12:00	

Mars

05.03.2023	11:00	Grunge kyrkje
05.03.2023	11:00	Rauland kyrkje
12.03.2023	11:00	Vinje kyrkje
16.03.2023	19:00	Vinje kyrkje <i>Heidi Lofthus syng songar av Anne Grete Preus</i>
23.03.2023	19:00	Øyfjell kyrkje - Salmekveld i fastetida
26.03.2023	11:00	Grunge kyrkje - <i>Utdeling av 4- og 6-årsbok</i> <i>Haukeli og Edland musikkorps blir med</i>

VELKOMNE TIL KYRKJE I JULA, MEN EIGENTLEG NÅR SOM HELST!

Med etterhald om endring!
Sjå gudstenestelista i Vest-Telemark blad
og heimesida til kyrkja i Vinje www.vinje.kyrkja.no



Solbarn, jordbarn

Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud.
stråler mot oss kjærighet fra Gud.
Hør oss, se oss, Stjernebarn, stig ned,
så jordens barn i alle land finner julens fred.

Flyktning, krigsbarn, hjemløs og forlatt,
Misbrukt, skadet i den dype natt.
Hør oss, se oss, Stjernebarn, stig ned,
så jordens barn i alle land finner julens fred.

Glemt barn, skremt barn, med sitt såre sinn,
Ingen merker tåren på dets kinn.
Hør oss, se oss, Stjernebarn, stig ned,
så jordens barn i alle land finner julens fred.

Bortskjemt, ensomt barn som vil ha mer.
Trosbarn, Guds barn, håper, venter, ber.
Hør oss, se oss, Stjernebarn, stig ned, s
å jordens barn i alle land finner julens fred.

Håpsbarn, fredsbarn, Barn av evighet,
Vis hvert jordbarn himlens herlighet.
Hør oss, se oss, Stjernebarn, stig ned,
så jordens barn i alle land finner julens fred.

Norsk salmebok-2013 - nr 26

Tekst: Shelley Murray

Til norsk: Eivind Skeie

Melodi: Carlton R. Young